

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG                  |            |        |           |
|---------------------------|------------|--------|-----------|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato   | Saksnr | Saksansv. |
| Formannskapet             | 04.05.2006 | 061/06 | OSN       |

|   |  |                                 |
|---|--|---------------------------------|
| <b>Avgjerslemynde:</b> Formannskapet<br><b>Sakshandsamar:</b> Olav Steinar Namtvedt | <b>Arkiv:</b> K2-V50<br><b>Objekt:</b> | <b>Arkivsaknr</b><br>2002000935 |
|---|--|---------------------------------|

### FRAMLEGG TIL ENDRING AV LOV AV 15. JUNI 2001 NR. 75 OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL - HØYRING

#### Dokumentliste/vedlegg:

| Nr | T | Dok. dato  | Avsender/Mottakar                          | Tittel  |
|----|---|------------|--|---|
| 12 | I | 15.02.2006 | Det kongelege landbruks- og matdepartement | Høyring av forslag til endring av lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell |
| 11 | I | 07.03.2006 | Den norske veterinærforening               | Vedrørende forslag til endring av dyrehelsepersonelloven                        |
| 13 | I | 02.05.2006 | Arve Viken                                 | Veterinærvakt og dagleg praksis/ veterinærer på vakt                            |

#### Saksutgreiing:

LMD har sendt på høyring forslag til endring av dyrehelsepersonellova. Føremålet med endringa er at ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt i alle deler av landet skal overførast frå staten til kommunane. I dag er det staten som har det overordna ansvaret for å sikra ei landsdekkande dyrehelseteneste. LMD ønskjer at frå 2007 skal kommunane overta ansvaret for desse tenestene. Etter gjeldande lovverk ligg det til staten å organisera klinisk vakt i alle deler av landet, og dei skal organisera og finansiera vakt kveld, natt og i helg/høgtider. Dette skal etter forslaget overførast til kommunane.

Staten har vidare gjennom Mattilsynet ansvaret for forvaltning av offentlege bestemmelser vedk. dyrehelse og dyrevelferd. Ansvar for tiltak mot smittsame dyresjukdommar og oppfølging av dyrevernsaker følgjer av anna lovverk (matlova og dyrevernlova). Så vidt vi skjønar skal ikkje ansvaret for desse oppgåvene overførast.

Det økonomiske grunnlaget for veterinærtenestene har av ymse grunna vorte svekka i store deler av landet. LMD sette i 2004 ned eit utval (Sagelvmo-utvalet) som m.a. skulle vurdere korleis det offentlege kunne medverka til at ei forsvarleg veterinærdekning kunne oppretthaldast i heile landet. I si innstilling (sept 2005) føreslo dei m.a. at kommunane skulle overta ansvaret for:

- at det er ei tilfredstillande veterinærdekning og
- ansvaret for den kliniske veterinærvakta.

Overføring av ansvar til kommunane kan ikkje gjerast utan heimel i lov.

I forslaget er det lagt opp til at føremålet i lova - §1 andre lekken, vert oppheva og erstatta av ein ny § 3. § 1 andre lekken lyder: "Staten har det overordnede ansvaret for å sikre en landsdekkende dyrehelsetjeneste". Denne skal erstattast med § 3 a: "Kommunene skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell"" § 26 i lova, som gjeld klinisk vakt, er tilrådd oppheva og erstatta med § 3 a.

Radøy er i dag med i eit interkommunalt samarbeid som har som føremål å sikra veterinærtenester for gardbrukarane i kommunane. Staten (Mattilsynet) har ansvaret for den kliniske vakttenesta, og for vårt område omfattar det kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Meland og Radøy.

Kommunane skal sjølv definera kva som er tilfredsstillande veterinærdekning og vaktordning, og det vil med det kunna bli store skilnader både i veterinærdekning og vaktordningar frå kommune til kommune. Det vil bli vanskeleg for kommunane å overta eit ansvar som ikkje er klart definert, og dei fleste kommunar manglar fagleg kompetanse til å dekkja slike oppgåver.

Mattilsynet har den faglege kompetansen, har regional forankring, og er såleis i god posisjon til å organisera slike oppgåver. Dei vil framleis ha eit beredskapsansvar for alvorlege smittsame dyresjukdomar, og dei har ansvaret for dyrevernssakene. Ei deling av totalansvaret vil klart svekka den beredskap som veterinærtenesta på brei basis representerer, og det vil bli ei dyrare ordning.

Økonomien med denne reforma er ikkje tilstrekkeleg klarlagt. Det går fram at dette skal gjerast i kommuneproposisjonen no i vår. Det er ikkje tilfredsstillande at dei økonomiske sidene ved reforma skal handsamast etter høyringa. For kommunane er det sær viktig å få vita kva ansvarsovertakinga kostar, og kva kompensasjon som vil bli gitt. Kommunane har generelt dårleg røynsle med å få kostnadskompensasjon for nye oppgåver gjennom rammetilskotet.

#### **Ordføraren sitt framlegg til vedtak:**

1. Radøy kommune meiner at ansvaret for tilfredsstillande tilgang på klinisk veterinærteneste må liggja hjå staten.
2. Radøy kommune går såleis mot den føreslåtte endring i lov av 15. juni 2001 nr. 75 om veterinær og anna dyrehelsepersonell.
3. Radøy kommune ser ikkje at overføring av dette ansvaret vil tilføra kommunesektoren eit så stort lokaldemokratisk løft at det kan kompensera for den store utfordringa mange område i landet utvilsamt vil få i å oppfylla intensjonane i lovendringa.

#### **04.05.2006 FORMANNSKAPET**

Formannskapet vedtok samrøystes ordføraren sitt framlegg til vedtak.

#### **FS-061/06 VEDTAK:**

1. Radøy kommune meiner at ansvaret for tilfredsstillande tilgang på klinisk veterinærteneste må liggja hjå staten.
2. Radøy kommune går såleis mot den føreslåtte endring i lov av 15. juni 2001 nr. 75 om veterinær og anna dyrehelsepersonell.
3. Radøy kommune ser ikkje at overføring av dette ansvaret vil tilføra kommunesektoren eit så stort lokaldemokratisk løft at det kan kompensera for den store utfordringa mange område i landet utvilsamt vil få i å oppfylla intensjonane i lovendringa.